

MØTEBOK - TITTELARK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
06.12.2018

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Svein Thomas Villanger, Britt Ystebø, Anita Bakke, Anny Bertelsen, Bjørn Helge Olsen, Helge Dyrkolbotn.

Varamedlemmer: Inger Synnevåg.

Andre: Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Kine Lerøy, Jusu Gyflan, Kjell Dahle, Einar Austrheim

Desse møtte ikkje: Sylvelin Fønnes.

Saker til førehaving:

Fellesrådssaker: F- 27/18 – F 30/18

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 27/18 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent.

F – 28/18 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIVING AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Anny Bertelsen og Inger Synnevåg.

F - 29/18 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 25.10.2018

Vedtak:

Møteboka frå 25.10.2018 vart godkjent utan merknader.

F – 30/18 UTARBEIDING AV VERNEPLAN FOR GRAVPLASSANE I AUSTRHEIM

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd opprettar, med heimel i gravferdsforskrifta § 27, ei arbeidsgruppe for utarbeiding av verneplan for gravplassane i Austrheim.

Arbeidsgruppa består av:

- *Kari Utkiken, kulturkontoret*
- *1 representant frå Austrheim kyst og sogelag*
- *Kjell Dahle, soknerådet*
- *Leif Arne Økland kyrkjeverje.*

Mandat til arbeidsgruppa skal vera:

- *I samråd med fylkeskonservator kartleggja og vurdera sletting/bevaring av alle gravminne over 60 år på Austrheim og Leirvåg gravplass.*
- *Vurdera etablering av utstillingsrekke for tidstypiske gravminner på Austrheim gravplass.*
- *Avklara status og framtidig ivaretaking av koleragravplassen i Austrheim..*

Vedtak:

Austrheim sokneråd opprettar, med heimel i gravferdsforskrifta § 27, ei arbeidsgruppe for utarbeiding av verneplan for gravplassane i Austrheim.

Arbeidsgruppa består av:

- *Kari Utkiken, kulturkontoret*
- *1 representant frå Austrheim kyst og sogelag*
- *Kjell Dahle, soknerådet*
- *Leif Arne Økland kyrkjeverje.*

Mandat til arbeidsgruppa skal vera:

- *I samråd med fylkeskonservator kartleggja og vurdera sletting/bevaring av alle gravminne over 60 år på Austrheim og Leirvåg gravplass.*
- *Vurdera etablering av utstillingsrekke for tidstypiske gravminner på Austrheim gravplass.*

- *Avklara status og framtidig ivaretaking av koleragravplassen i Austrheim..*

Bakgrunn:

Kyrkjekontoret har kome langt i arbeidet med å digitalisera alle gravminna i kommunen. Arbeidet som gjenstår er å registrera gravminna på og like i nærleiken av kyrkjeflaten på Austrheim.

Desse gravminna er dei eldste. Mange av desse gravminna er ikkje festa og vi manglar også opplysningar om kven som er eller kan vera festar.

Sjølve kyrkjeflaten er definert som middelalderkyrkjegard og dermed freda. Kyrkjeverja har rådført seg med Riksantikvaren korvidt det er mogeleg å bruka denne delen av kyrkjegarden til gravferder. Tilbakemeldinga er at det er mogeleg med urnenedsetjing i eksisterande graver så sant gravplassen er det ein kallar «i kontinuerleg bruk». I kulturminneforstand betyr dette at gravplassen har vore i bruk etter 1945 – og det er tilfellet i Austrheim. Det vil seia at det til ein viss grad er lov å bruka ein freda gravplass – medan ein ikkje har lov å gjera noko med eit freda gravminne – til dømes setja ned ei urne der, eller foreta ei namnepåføring.

Den nasjonale gravferdsforskrifta § 27 tilrår at fellelrådet lagar vedtak på enkeltgraver eller enkeltområde på gravplassen som har behov for å bevarast. Det såkalla «Kirkerundskrivet» (Rundskriv T – 3/00 om Forvaltning av kirke, kirkegårder og kirkens omgivelser) tilrår med bakgrunn i den same paragrafen at det vert laga bevaringsplan der det er behov for dette.

Det same rundskrivet definerer skiljet mellom «freding» og «vern». Automatisk freda etter Kulturminnelova er alle gravminner før reformasjonen (1537) og samiske gravminner som er meir enn 100 år gamle. Dette gjeld ingen av gravminna i Austrheim. Rundskrivet slår fast at fylkeskonservator skal uttala seg før gravminner som er eldre enn 60 år vert fjerna. (Her vil ein plan hjelpa oss med å stramma inn gjeldande praksis). At eit gravminne vert verna har ein langt svakare status enn freding. Soknerådet kan følgja råda frå fylkeskonservatoren, men er ikkje forplikta til det. Om soknerådet – mot rådet frå fylkeskonservatoren likevel skulle vedta å sletta gravminner og dette vert påklagd, vert klagen behandla av bispedømerådet. Det er gravferdsforvaltninga som har ansvar for å ta vare på og halda vedlike eit gravminne som er verna.

Eitt vesentleg element i ein bevaringsplan for Austrheim, vil vera å vurdera dei eldste gravminna på det som er felt 2 på Austrheim gravplass. Dette er feltet som omkransar kyrkjeflaten og som skal gjenbrukast. Frå gravferdsforvaltninga si side er det ønskjeleg å kunna sletta så mange som råd er av dei eldste gravminna på dette feltet. Dette vil frigjera plass for det som vert den framtidige resirkulerte gravplassen.

Det er fleire spørsmål som vert aktuelle når ein no går i gang med registreringa av dei eldste gravminnene. Kva for gravminner kan fjernast? Kva for gravminner skal vernast for ettertida og stå der dei står? Kva for gravminner kan bli tatt med i ein utstillingsseksjon? Kva er statusen for og kva gjer vi med kolerakyrkjegarden? For å forankra dette tilstrekkeleg – både fageleg og i tett dialog med dei som bur i kommunen, argumenterer kyrkjeverja for at dette bør

gjerast via ein bevaringsplan, der ein får jobba systematisk med desse spørsmåla.

MØTEBOK - TITTELARK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
06.12.2018

Tilstades på møtet

Medlemer: : Helge Dyrkolbotn, Bjørn Helge Olsen, Anny Bertelsen, Arne Lerøy, Anita Bakke, Svein Tomas Villanger, Britt Ystebø.

Varamedlemer:

Andre: Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim.
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Jusu Gyflan, Kine Lerøy, Einar Austrheim, Kjell Dahle

Desse møtte ikkje: Sylvelinn Fønnes.

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 26/18 – S 32/18

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 22/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
Per Børge Hillestad bad om å få to saker til drøfting utanom innkallinga.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart elles godkjent utan merknader.

S – 23/18 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Anny Bertelsen og Inger Synnevåg.

S – 24/18 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 25.10.2018

Framlegg til **vedtak:**

Møteboka frå 20.09.2018 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 25.10.2018 vart godkjent utan merknader.

- S – 25/18 ORIENTERINGAR
Ingen orienteringar elles.
- S – 26/18 HØYRING KYRKJEORDNING FOR DEN NORSKE KYRKJA

Framlegg til vedtak:

Saka vert framlagt utan framlegg til vedtak.

Vedtak:

Soknerådet tek i denne omgang høyringsuttalen til vitande og vel i denne omgang å avstå frå å senda inn ein eigen uttale på denne. Soknerådet avventar steg to i forordninga, som vil handla om organisering av fellesråda og kva for konsekvensar ei arbeidsgjevarlinje vil ha å seia for kyrkja lokalt.

Bakgrunn:

Kyrkjerådet har no sendt ut eit høyringsdokument om kyrkjeordninga; kort sagt kva som er kyrkja sitt grunnlag og korleis kyrkja skal organisera seg.

Framdrifta her er at ny trussamfunnslov vil bli behandla i Stortinget i løpet av våren 2019. Om ikkje prosessen vert forsinka, vil ny lov bli sett i verk med verknad frå 1.januar 2020. Kyrkjemøtet vil på sitt møte i april 2019 vedta ny kyrkjeordning – med atterhald at ny trussamfunnslov vert vedtatt av Stortinget til våren. Når ny trussamfunnslov trer ikraft vil noverande kyrkjelov opphøyra.

Kyrkjerådet har velt å forskottera den nye trussamfunnslova og har kome langt i arbeidet med å utarbeida kyrkja sine forskrifter (kyrkjeordninga).

Grunngjevinga er at ein vil ha dette på plass no før lovverket vert vedtatt. Kyrkjerådet har med utgangspunktet i forslaget til ny trussamfunnslov laga vedlagte utkast til ny kyrkjeordning.

Høyringa som no er sendt ut er som eit første steg. Det neste og avgjerande steget – etter at ny trussamfunnslov er sett i funksjon - er det endelege vegvalet om organiseringa og arbeidsgjevaransvaret. Desse spørsmåla vert ikkje behandla i denne høyringa. Denne fasen vi går inn i no, ved iverksetjing av nytt lovverk, vert å sjå på som ein overgangsfase. (Kyrkjerådet sin leiar Kristin Gunnleiksrud Råum – foredrag i Bergen 27.11.2018). Det som er viktig no er at kyrkja kan byggja seg opp til å stå saman som *ein* organisasjon.

Soknerådet drøfta i desembermøtet i 2017 (F – 35/17) kulturdepartementet sitt høyringsdokument om ny trussamfunnslov. Dette var eit dokument på nærare 300 sider. Det var fleire element soknerådet kunne gje uttale på i den saka. Soknerådet velde likevel å konsentrera seg om den framtidige finansieringsordninga. I framlegget til vedtak la kyrkjevevja fram to ulike alternative framlegg til vedtak, som også var gjengitt i høyringsdokumentet. Første alternativ gjekk på ei todelt finansieringsordning etter dagens praksis. Det andre alternativet gjekk på ei radikal endring med utelukkande statleg finansiering av kyrkja. Her landa soknerådet på ein kompromissuttale, der ein

ønskte ei statleg finansiering av alle kyrkja sine stillingar, men ei lokal finansiering av kyrkja sine bygningar.

Kyrkjemøtet har i sak 10/18 i april i år behandla finansieringsdelen av denne høyringsuttalen og har konkludert med at ein framleis ønskjer ei delt finansiering av kyrkja, mellom stat og kommune – og at endringane som må koma må bli tatt stegvis. Ein har dermed avvist at kyrkja utelukkande skal finansierast via statlege midlar, som var eitt av alternativa ein kunne ha landa på. Ifølgje kyrkjerådet sin leiar (Kristin Gunleiksrud Råum) er dette vedtaket endeleg og ei sak som legg grunnlaget for det langsiktige arbeidet med kyrkjeordninga.

Høyringsdokumentet er delt opp i 6 kapittel og er på 15 sider.

Kort oversikt på innhaldet av høyringsuttalen:

- Kapittel 1: Handlar om Den norske kyrkja sitt grunnlag – både læra og identiteten som trussamfunn og folkekyrkje.
- Kapittel 2: Handlar om den kyrkjelege inndelinga, om medlemsskap og stemmerett.
- Kapittel 3: Handlar om organiseringa av sokneråd, soknemøte og fellesråd og oppgåvefordelinga i mellom desse.
- Kapittel 4: Handlar om finansiering og bruk av kyrkjebygg.
- Kapittel 5: Handlar om val til og oppgåvene for bispedømeråd, kyrkjemøte og kyrkjerådet og om bispemkøtet.
- Kapittel 6: Handlar om ulike andre føresegner.

Soknerådet står fritt til om ein vil svara på mykje eller lite av denne høyringa.

Her kjem nokre punkt som kan drøftast nærare (lista er ikkje utfyllande):

- **Kap 1- § 1.** Om kyrkja sitt læregrunnlag, som framleis er regulert av Kong Christian den 5.lov frå 1687. KA har foreslått at eksisterande kyrkjelov sitt formål vert dratt inn her: «*Formålet med loven er å legge forholdene til rette for et aktivt engasjement og en stadig fornyelse i den evangelisk-lutherske folkekirke i Norge.*» Er dette ei dekkande formulering?
- §§ 3 og 5. Innlemminga i kyrkja skjer via dåpen. Vidare vert arbeidet i ein kyrkjelyd omtalt som eit *tenestefellesskap* mellom frivillige og tilsette.
- § 4: Handlar om kyrkja sitt oppdrag som ei «vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.» Er dette dekkande?
- § 6: Soknet eller kyrkjelyden vert framleis sett på som den grunnleggjande eininga i kyrkja, både teologisk, geografisk og juridisk. Her vert det foreslått vidareført tenesta med ord og sakrament (prestetenesta), samt vidareføring av tilsynet. Det vert vidare peika på at styring og leiing skal skje i eit samvirke mellom leke og ordinerte medarbeidarar.
Kyrkjeverja vil foreslå om soknerådet kan drøfta om § 9 i gjeldande kyrkjelov kan vera ei god formulering som er dekkande for soknet sine oppgåver: «*Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige livet i soknet, særlig*

at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.» Formuleringa har vist seg å ha gjenklang over lang tid, sidan den seier noko om kva som er det sentrale for arbeidet i lokalkyrkjelyden.

- **Kap 2 - § 8,** Det skjer ingen endringar enn så lenge sett i forhold til kva som er dagens struktur på delinga mellom bispedøme, prosti og sokn.
- **Kap 3** – På bakgrunn av at kyrkjemøtet har vedtatt framleis delt finansiering mellom stat og kommune, så går kyrkjerådet ut frå at dette også vil bli ført vidare i den nye trussamfunnslova. Kyrkjeordninga legg opp til ei vidareføring av ansvarsfordelinga mellom sokneråd og fellestråd.
- **Kap 4 – § 28:** Kyrkjeordninga legg opp til ei vidareføring av forvaltningsansvaret for kyrkja framleis er lagt til kyrkjeleg fellestråd. Det er likevel ikkje sagt noko om storleiken på fellestråda i denne omgang og om kvar arbeidsgjevaransvaret skal liggja.

S – 27/18 VAL AV LEIAR I SOKNERÅDET

Helge Dyrkolbotn stiller seg til disposisjon til å ta gjenval som leiar

Vedtak:

Helge Dyrkolbotn vart einstemmig valt til leiar i soknerådet for 2019.

S – 28/19 VAL AV NESTLEIAR I SOKNERÅDET

Anny Bertelsen stiller seg til disposisjon til å ta gjenval som nestleiar.

Vedtak:

Anny Bertelsen vart einstemmig valt til nestleiar i soknerådet for 2019.

S – 29/19 VAL AV NOMINASJONSNEMD TIL NYTT SOKNERÅD

Framlegg til vedtak:

Med heimel i § 6-1 i Regler for val av menighetsråd, bispeømmeråd og Kirkemøtet oppnemner Austrheim sokneråd følgjande personar som valnemnd for nytt sokneråd for perioden 2019 – 2023:

- *Bjarne Neteland*
- *Einar Austrheim*
- *Gunn Håland Dyrkolbotn*
- *Britt Ystebø*

Soknerådet sitt AU får fullmakt til å spupplera lista om nokon skulle trekkja seg.

Tilbakemelding i møtet: Einar Austrheim er uaktuell i ei nominasjonsnemd.

Vedtak:

Med heimel i § 6-1 i Regler for val av menighetsråd, bispeømmeråd og Kirkemøtet oppnemner Austrheim sokneråd følgjande personar som valnemnd for nytt sokneråd for perioden 2019 – 2023:

- *Bjarne Neteland*
- *Gunn Håland Dyrkolbotn*
- *Britt Ystebo*

Soknerådet sitt AU får fullmakt til å spupplera lista om nokon skulle trekkja seg.

Det er skal vera soknerådsvalet for nytt Austrheim sokneråd 9. september 2019, samanfallande med kommunevalet.

Nominasjonskomiteen representerer ei bredde av soknet sine medlemmer. Kandidatane har endå ikkje sagt ja til å vera med. For å sikra framdrifta fram mot nytt val, vert AU delegert ansvaret for å supplera komiteen om ikkje alle takkar ja.

S – 30/19 MØTEPLAN VÅRHALVÅRET 2019

Vedtak:

Austrheim sokneråd vedtek følgjande møteplan først halvår 2019:

AU: 22.januar

SR: 31.januar

AU får fullmakt til å setja opp resterande møteplan for vårhalvåret 2019.

S – 31/19 NØKKELTILGANG TIL KYRKJA

Vedtak:

Austrheim sokneråd gir Per Børge Hillestad løyve til å behalda nøkkel til kyrkja på ubestemt tid.

S – 32/19 SAMTALE OM KONFIRMANTAR OG G2 GUDSTENESTER

Sagt i møtet:

Soknerådet og Per Børge Hillestad samtalte om høvet for å utvida samarbeidet om konfirmantarbeidet, der ein kan tenkja seg ein Fedjedag utvida til ein konfirmantweekend, som også kan inkludera konfirmantar frå Rogaland. Elles har Per Børge delt erfaringane med G2 gudstenestene på Fedje, som har truffe ei nerve der ute. Soknerådet er samd med at noko liknande sannsynlegvis vil kunna fungera på Austrheim, ved at ein kan laga liknande gudstenester med utgangspunkt i det arbeidet som har vore gjort med syng deg glad kveldane og temakveldane. Desse samlingane kan med enkle grep gjerast om til alternative gudstenester, noko som soknerådet stiller seg positiv til.

